



*Statsråden*

Stortinget  
Familie- og kulturkomiteen  
0026 OSLO

Dykkar ref  
IS/mb

Vår ref  
23/2266-

Dato  
29. september 2023

## **Dokument 8:247 S (2022-2023) – Representantforslag om ei verifiserbar aldersgrense for sosiale medium og regulering av innhald og reklame retta mot barn**

Eg viser til brev frå Familie- og kulturkomiteen om Dokument 8:247 S (2022-2023) om å innføre ei verifiserbar aldersgrense for sosiale medium og regulering av innhald og reklame retta mot barn. Brevet blei oversendt Barne- og familiedepartementet 14. juni 2023. For å svare på forslaget har Barne- og familiedepartementet henta innspel frå Kommunal- og distriktsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet.

Aldersgrenser for sosiale medium er eit aktuelt tema. Barn og unge brukar mykje tid på sosiale medium, og nettet er ein stor del av kvardagen til barn og unge. Det fører med seg utfordringar og fordelar. Representantane nemner særleg psykisk helse og aukinga i psykiske helseplager blant unge.

Forskinga gir ingen eintydige svar. Noko forsking tyder på at konsekvensane for psykisk helse avhenger av bruken av sosiale medium, og kven brukaren er (Steinsbekk m.fl., 2023). Kor opptatt ein er av korleis ein presenterer seg sjølv heng saman med eigenskapar som kjønn, livsstil og personlegdom. Ungdom opplever uoppnåelege krav til sjølvpresentasjon på sosiale medium, noko som gjer at dei kjenner seg einsame (Fjelnseth & Sjølie, 2021). Samstundes syner forsking basert på EU Kids Online at det er ein positiv korrelasjon mellom tilfredsheit med livet og tidsbruk på nettet (Milosevic m.fl., 2022). Til forskjell frå bly, tobakk og barnearbeid i gruver, som vert nemnt i representantforslaget, er ikkje nettet eller sosiale medium alltid eller eintydig negativt – dei fleste norske barn har det bra på nett.

Det er likevel god grunn til å vere merksam på utviklinga. Forretningsmodellen til dei sosiale media er ikkje laga med tanke på barn sitt beste. Selskapa bak dei sosiale media brukar og

sel personopplysningar om brukarane til marknadsføring. Dei nyttar òg opplysningane til å gje brukarane tilpassa innhald. Slik vert reklamen og innhaldet tilpassa brukaren i stor grad, noko som kan gjere at dei brukar meir tid på sosiale medium, og produserer enno meir persondata. Som representantane peiker på, kan det gjere at barn og unge får reklame og innhald for ting dei ikkje bør eller eigentleg ønskjer, som usunn mat og slankeprodukt, eller som skapar polarisering, utan rom for diskusjon og ueinigheit. Det kan òg få konsekvensar for konsentrasjonsevna.

Nokre av desse spørsmåla er tema for Skjermbrukutvalet, og nokre kjem til å vere tema i stortingsmeldinga om trygg digital oppvekst, som Barne- og familiedepartementet skriv. Med betre kunnskap om konsekvensane av skjermbruk og sosiale medium for barn og unge, er vi betre rusta til å vedta politikk som balanserer barn sin rett til vern, og til ein aktiv og deltakande digital oppvekst. Personvernkommissjonen si NOU 2022:11 *Ditt personvern – vårt felles ansvar*, har òg anbefalingar om vern av barn i digitale flater, og oppfølginga av NOU-en er relevant for representantforslaget.

Nedanfor gir eg ein vurdering av dei ulike forslaga.

### **Ei verifiserbar aldersgrense i sosiale medium og sikker innlogging**

Representantane ber regjeringa føreslå ei reell 13-årsgrense for sosiale medium, med krav om registrering og innlogging med BankID eller tilsvarande løysingar. Der det er sett aldersgrenser for tilgang og bruk av nettenester, er det viktig at det finst høve for aldersverifisering. Dette krev både strukturelle og reguleringsmessige tiltak.

Forsking syner samstundes at anonymitet vert nytta strategisk av ungdom når dei er på nett (Ellison m.fl., 2016). Høve til å vere anonym er viktig for dei når dei søker informasjon, utforskar identitet og seg sjølve, og når dei treng å omgå sosiale forventningar. Representantane sitt forslag kan gjere det vanskelegare å vere anonym på nett, og det kan få negative konsekvensar for unge.

Eg meiner det er upraktisk å få til ei verifiseringsordning gjennom norsk regulering åleine. Det er få barn som har BankID eller andre former for digital identifikasjon. Bankar har ulik aldersgrense for å gje ut BankID, og den må vere knytt til ein bankkonto. Det kan skape eit skilje mellom dei som har og ikkje har tilgang, og dermed styrkje digitale klasseskilje. Samstundes er treffsikkerheita i ei slik løysing avhengig av at den ikkje lett kan bli omgått. Tiltaket krev òg at plattformane legg til rette for innlogging med digital identifikasjon.

Forordninga om elektronisk identifisering og tillitstenester for elektroniske transaksjonar i den indre marknaden (eIDAS) er del av norsk lov. Forordninga er under revisjon, og forslaget til revisjon tek omsyn til moglegheit for autentisering og verifisering av alder. I følgje forslaget til revidert forordning, må dei store onlineplattformane som eventuelt krev at brukarar autentiserer seg for å få tilgang til nettbaserte tenester, akseptere bruken av europeiske digitale lommebøker utskrive i samsvar med eIDAS. Den reviderte forordninga vil gjelde ved tilgang til både offentlege og private tenester. Forslaget er forventa vedteke i løpet av året og vil innebere behov for endringar nasjonalt. Etter forslaget skal alle få tilbod om ei digital

lommebok gratis. Den skal innehalde ein eID på høgt tryggingnivå og vere i samsvar med GDPR.

Eg meiner det er formålstenleg å vente på denne reguleringa, som kan bli viktig for ei styrka regulering av området også i Noreg.

### **Foreldresamtykke for konto på sosiale medium for barn under 16 år**

Representantane ber regjeringa snarast fremje eit forslag om foreldresamtykke, kor foreldra må nytte BankID eller tilsvarende løysingar for å opne kontoar på sosiale medium for barn under seksten år.

Barn kan i dag frå dei er 13 år sjølv samtykke til bruk av sosiale medium, utan samtykke frå foreldra. Aldersgrensa er bestemt i personopplysningslova § 5 og vart fastsett ved innføringa av personvernforordninga i Noreg i 2018. Særleg vart det lagt vekt på omsynet til sjølvråderetten til barnet, og at aldersgrensa var ei vidareføring av gjeldande praksis. Ei rekke høyringsinstansar støtta ei aldersgrense på 13 år. Fleire europeiske land har også ei aldersgrense på 13 år.

Viktige poeng er at barn har rett til autonomi, personvern og privatliv. Det inneber at dei har rett til privatliv også overfor foreldra sine. Med aukande alder, vert barn meir modne og har rett på å chatte og sende meldingar til vener og andre, og til å søke informasjon utan samtykke frå foreldra. Krav om samtykke frå foreldra, og barn sin rett til vern mot skadelege opplevingar på nett, må difor vegast opp mot barn sitt sjølvstyre, rett til privatliv og personvern. Mange foreldre er opptekne av barna sin rett til personvern, og ønskjer ikkje tilgang til all kommunikasjonen deira.

Om ein skulle heve grensa for foreldresamtykke til 16 år i Noreg, slik forslagsstillarane ønskjer, bør dette i alle høve utgreiast nærare og i samheng med tilgrensande spørsmål om barn sitt personvern. Mellom anna bør spørsmålet sjåast i samheng med forslaget frå Barnelovutvalet i NOU 2020: 14 om ein alminneleg personvernrettsleg myndigheitsalder på 13 år, som for tida er til vurdering i Barne- og familiedepartementet.

### **Forbod mot åtferdsbasert marknadsføring retta mot barn**

Representantane ber regjeringa snarast fremje eit forslag om forbod mot at sosiale medium nyttar barn sin personlege informasjon til å gje dei anbefalingar om innhald eller reklame.

Eg deler forslagsstillarane sine bekymringar når det gjeld åtferdsbasert reklame retta mot barn. Barn er særleg sårbare for påverknad gjennom reklame. Innsamling og behandling av personopplysningar om korleis barn og unge brukar digitale løysingar og sosiale medium, står sentralt i utgreiinga frå Personvernkommissjonen (NOU 2022:11). Forslaget frå representantane er i tråd med tilrådinga frå Personvernkommissjonen, kva gjeld marknadsføring og målretta reklame mot barn.

DSA vart vedteke i EU 19. oktober 2022. Regjeringa tok eit tydeleg standpunkt om at åtferdsbasert marknadsføring overfor barn bør bli forbode i forordninga. DSA har som mål å sikre eit tryggare internett for forbrukarar med meir opne, gjennomsiktige og pålitelege plattformer. Rettsakta blir rekna for å vera EØS-relevant, og det formelle arbeidet med å vurdere innlemming i EØS-avtalen har starta. Forordninga skal mellom anna verne mindreårige på nett, og i artikkel 28 er det eit forbod mot åtferdsbasert marknadsføring retta mot barn og unge.

Ordlyden i føresegna forbyr at tilbydarar av digitale plattformer syner annonsar basert på profilering ved bruk av personopplysningar, når mottakaren av tenesta er mindreårig. Dette gjeld når tilbydaren med rimeleg tryggleik kan vite at mottakar av tenesta er mindreårig. Viss føresegna i forordninga vert gjennomført i norsk rett, vil den oppfylle representantane sitt forslag om eit forbod mot at sosiale medium brukar barn sin personlege informasjon til å rette reklame mot dei.

Eg meiner forslaget er viktig, og at barn og unge sin rett til personvern går framfor dei kommersielle interessene til dei store plattformene og deira forretningsmodell. Samstundes er det ikkje naudsynt å sette i gong eit arbeid med eit særnorsk forbod, ettersom forbodet i DSA artikkel 28 kan kome til å gjelde her òg.

Når det gjeld anna innhald enn marknadsføring, inneheld ikkje DSA eit forbod mot det. Eg meiner det er naturleg at delen av forslaget til representantane som gjeld anna innhald enn marknadsføring, vert vurdert som ledd i Kommunal- og distriktsdepartementet si oppfølging av utgreiinga til Personvernkommissjonen. Regjeringa har òg satt ned ei interdepartemental gruppe som gjennomgår forbrukarvernet til barn i digitale medium. BFD leiar dette arbeidet.

Med helsing



Kjersti Toppe